



Vedtekter for Samnanger kommune sitt kraft- og heimfallsfond

Vedteke av kommunestyret [saksnr. og dato] – erstattar vedtekter av 19.09.2024 (PS 91/2024)

§ 1 Formål

- 1.1 Fondet skal nyttast til å støtte og utvikle næringslivet i Samnanger kommune, bidra til auka sysselsetjing og verdiskaping.
- 1.2 Fondet skal gje tilskot, lån eller investeringar i næringslivsprosjekt som bidreg til å nå fondet sitt formål. Dette omfattar etablering av ny verksemd og vidareutvikling av eksisterande verksemd.
- 1.3 Støtte kan berre gjevast til føretak som driv økonomisk aktivitet, jf. EØS-reglane for offentleg støtte.
- 1.4 Fondet kan ikkje nyttast til sanering av gjeld eller til løpande drift av verksemdar.

§ 2 Kapital og finansiering

- 2.1 Fondet har eigenkapital som består av innbetalte midlar frå Eviny Fornybar AS med ein årleg sum på kr. 1.107.123,- som blir indeksregulert kvart femte år.
- 2.2 Fondet kan ta opp lån for særskilde investeringsaktivitetar, men ikkje utover fondet sin eigenkapital.
- 2.3 Fondet kan ta imot gåver og legat dersom desse er i samsvar med fondet sitt formål og ikkje medfører uheldige bindingar eller forpliktingar.

§ 3 Fondsstyre og ansvar

- 3.1 Formannskapet er fondsstyre.
- 3.2 Rådmannen har fullmakt til å fatta vedtak i søknader på kr 200 000,- eller mindre. Desse skal rapporterast til formannskapet.
- 3.3 Styret har ansvar for fondet si drift og vedtek tildeling av midlar.
- 3.4 Vedtektene kan endrast av kommunestyret.



§ 4 Søknadsprosess og kriterium

- 4.1 Søkar må vere 18 år eller eldre.
- 4.2 Verksemda må vere registrert og ha reell næringsaktivitet i Samnanger kommune. Med dette meinast at verksemda skal ha faktisk drift, aktivitet eller arbeidsplassar knytt til kommunen. Støtte kan òg gjevast til prosjekt der verksemda ikkje er etablert på søknadstidspunktet, dersom søkjar kan dokumentere konkrete og realistiske planar om etablering av reell næringsaktivitet i Samnanger kommune. I slike tilfelle kan støtte gjevast med vilkår om at verksemda blir etablert og tek til faktisk drift i kommunen før utbetaling.
- 4.3 Tiltaket skal normalt ikkje vere sett i gang før vedtak om støtte er fatta. Med igangsetting meiner ein at det er inngått bindande avtalar, gjort investeringar eller påløpt kostnader knytt til prosjektet. Førebuande arbeid som idéutvikling og planlegging blir normalt ikkje rekna som igangsetting.

Søknaden skal innehalde:

- Klår beskriving av prosjekt og mål
 - Ein realistisk budsjett- og finansieringsplan som viser korleis midlane vil bli brukt og korleis prosjektet vil bli finansiert på lang sikt.
 - Framdriftsplan eller milepælsplan som beskriver tidsramma for prosjektet. Generelt gjeld det at prosjektet skal vera avslutta innan 3-tre- år får dato på vedtaksbrevet
- 4.5 Prosjektet skal vere økonomisk berekraftig og ha realistiske planar for vidare drift
 - 4.6 Det kan søkjast om tilskot på inntil 50 % av kostnadene. For særleg viktige prosjekt for lokalt næringsliv kan inntil 75 % innvilgast. Støtta skal ikkje overstige det som er naudsynt for å gjennomføre prosjektet.
 - 4.7 Søknadsfrist er løpande. Rådmannen behandlar søknader under kr. 200 000,-, og formannskapet søknader over denne summen.
 - 4.8 Vurdering av søknadar skal følgje retningslinjene for vurdering av søknader vedtekne av kommunestyret.

§ 5 Rapportering og oppfølging

- 5.1 Mottakarar skal rapportere om framdrift og resultat innan eitt år etter tildeling.
- 5.2 Rådmannen følgjer opp prosjekta og vurderer om vilkåra er oppfylte.
- 5.3 Formannskapet kan avslutte prosjekt som ikkje oppfyller vilkåra.



- 5.4 Utbetaling av tilskot skal som hovudregel skje etter at dokumenterte kostnader er påløpte. I særlege tilfelle kan kommunen, etter ei konkret vurdering, innvilge heilt eller delvis forskotsutbetaling. Slik forskotsutbetaling skal vere grunngjeven, avgrensa i omfang og gjevast med vilkår om etterfølgjande dokumentasjon og eventuell tilbakebetaling dersom vilkåra ikkje blir oppfylte.

§ 6 Årsmelding

Opplysningar om Kraft- og heimfallsfondet si verksemd skal inngå i Samnanger kommune si ordinære årsmelding til kommunestyret. Årsmeldinga skal gje oversikt over tildelingar, bruk av midlar og status for pågåande prosjekt. Kopi skal sendast Statsforvaltaren.

§ 7 Forhold til EØS-regelverk

- 7.1 Fondet skal forvaltast i samsvar med gjeldande EØS-regelverk for offentleg støtte, inkludert bagatellmessig støtte (de minimis).
- 7.2 All støtte skal registrerast i Støtteregisteret hos Brønnøysundregistra innan 20 verkedagar etter tildeling.
- 7.3 Støtte kan berre gjevast innanfor den til ei kvar tid gjeldande terskelverdien for bagatellmessig støtte fastsett av EU/EFTA.
- 7.4 Støtta må vere i samsvar med prinsippa om naudsyntheit, proporsjonalitet og målretta støtte.

§ 8 Klagerett

Vedtak om tildeling kan påklagast etter reglane i forvaltningslova kapittel 6. Klagefristen er tre veker frå vedtaket er motteke.